



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tor Stafsnes, 55 57 20 17

Vår dato
23.04.2014
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2014/5233 353
Dykkar referanse
«REF»

Høyringsinstansar i hht. liste

Høyring - FylkesRos Hordaland 2014

Innleiing

Vedlagt følgjer FylkesROS Hordaland 2014 til høyring. Dokumentet slik det no ligg føre, er tredjegenarasjon fylkesROS for Hordaland. Høyringsdokumentet vert denne gongen berre sendt ut elektronisk.

Høyringsfristen er sett til **30. mai 2014**.

Om arbeidet og prosessen

Proessen rundt FylkesROS Hordaland 2009 var stor og omfattande, og med svært mange deltakarar. Resultatet vart eit stort dokument som fekk gode skussmål. Med den ROS'en som utgangspunkt har vi denne gongen lagt opp til ein noko meir forenkla prosess med færre aktørar. Etter mandat frå leiinga hos Fylkesmannen, har arbeidet vore leia av ei prosjektgruppe på tre personar. Det har også denne gongen vore organisert arbeidsgrupper i til dels aktive prosessar om alle fagkapitla i ROS'en.

Målsettinga har vore eit enklare, meir operasjonelt dokument etter nokolunde same struktur som Nasjonalt Risikobilete frå DSB. Utover det som går fram av Nasjonalt Risikobilete, skal FylkesROS Hordaland 2014 primært representere ein overordna identifikasjon av dei mest vesentlege og spesifikke risikotilhøva som gjer seg gjeldande for fylket vårt, og konkretisere korleis vi kvar for oss og i fellesskap kan og skal førebu oss på å handtere desse. Vona er at dette dokumentet skal vere eit viktig grunnlag for vidare og meir spesifiserte ROS-analyser hos dei einskilde aktørane med ansvar; stat, fylkeskommune, kommunar og andre samfunnsviktige verksemder. Det vedlagde dokumentet er resultatet av dette arbeidet.

Om høyringa

Det vedlagte dokumentet er ikkje ferdig, korkje layoutmessig eller språkleg. Det arbeidet vert først slutført etter at høyringa er avslutta og relevante høyringsfråsegner er innarbeidde. For at dokumentet skal bli så godt som mogeleg etter intensjonane, er vi difor avhengige av gode og konstruktive innspel frå dykk som høyringsinstansar.

Med dette utgangspunktet inviterer Fylkesmannen til aktiv respons, og vi ber dykk særleg leggje vekt på følgjande i tilbakemeldinga:

1. Samla inntrykk av dokumentet

- a. Er det noko som manglar?
- b. Er det noko som ikkje treng vere med?

2. Risikovurderingane

- a. Er dei dekkjande?
- b. Er det samsvar i risikovurderingane og matrisene på tvers av ulike tema?
- c. Er det vurderingar som de ikkje er samde i?

3. Tilbakemeldingar på det einskilde kapittel

Ope for kommentarar, merknader og synspunkt i den utstrekning det er behov for det.

4. Tiltaksdelen

- a. Er dei føreslegne tiltaka dekkjande?
- b. Er det tiltak som manglar, eller som ikkje burde vore med?
- c. Er det ført opp rett ansvarleg for gjennomføring av tiltaka?
- d. Er det behov for å endre språkleg utforming på nokre av tiltaka?
- e. Synspunkt på forslag til prioriterte tiltak, dvs. tiltak for å redusere risiko for tilhøve som ligg i raud og ev. gul sone i risikomatrisene og som ansvarleg nivå må følgje opp?

5. Andre tilhøve

Ope for andre kommentarar, merknader og synspunkt.

Vegen vidare

Etter høyringsfristen vil innkomne fråsegner verte vurderte og innarbeidde i den grad det er naturleg før dokumentet vert slutført språkleg og layoutmessig. Målsetjinga er at endeleg versjon av FylkesROS Hordaland 2014 skal vere ferdig i august 2014.

Vi håpar på aktiv handtering og gode tilbakemeldingar.

Med helsing

Lars Sponheim

Arve Meidell
Fylkesberedskapssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Helse- og sosialavdelinga
Utdanningsavdelinga
Miljøvern- og klimaavdelinga
Landbruksavdelinga
Administrasjons- og verjemålsavdelinga

Liste over høyringsinstansar:

Alle kommunane i Hordaland (33)
Hordaland fylkeskommune
Fylkesmannen i Hordaland (alle avdelingar)
Fylkesmannen i Rogaland
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
KS
KS Hordaland
Regionråda i Hordaland
Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap
Fiskeridirektoratet
Helsedirektoratet
Mattilsynet
Nasjonalt folkehelseinstitutt
Statens forureiningstilsyn
Statens helsetilsyn
Statens strålevern
NVE
Helse Bergen HF
Helse Fonna HF
Helse Vest RHF
Helse Vest IKT (Erik M. Hansen)
KOKOM
BKK Nett
BKK Produksjon

Sunnhordland kraftlag
Statoil
Statnett
Gasnor
Haakonsværn orlogsstasjon
Bergenhus Heimevernsdistrikt 09
Kysteskadren
Hordaland Sivildforsvarsdistrikt
Hordaland politidistrikt
Haugaland og Sunnhordland politidistrikt
Kystverket Vest
Bergen og omland havnevesen
Avinor
Jernbanelverket
Statens vegvesen, region Vest
Telenor
Norges statsbaner
Bybanen i Bergen
Tide
Fjord 1
Norges rederiforbund
Vervarslinga på Vestlandet
Nansen-senteret
Bjerknes-senteret
Havforskningsinstituttet
NGU (Norges geologiske undersøkelse)
Universitetet i Bergen
• Institutt for geovitenskap
• Institutt for fysikk og teknologi
• Det medisinske fakultet
Unifob AS, Seksjon for anvendt miljøforskning
Bergen Brannvesen
Sotra Brannvern IKS
Helsevernetaten i Bergen
VA-etaten i Bergen
Arbeidstilsynet
NAV
Røde Kors
Norsk Folkehjelp
Medlemmane i prosjektgruppa